# DET NORSKE TEATRET




1945–46



GARANTI

FOR STYRKE

OG PASSFORM

**A.S TOGA**

SPESIALFABRIKK

HERRE- OG GUTTEKLÆR

b15g 126281



Teatersjef Knut Hergel.

Toalettartikler

F. Chr. Wolff A.s

Grensen 3 Telefon 30 619

# Helsingsprolog til Danmark og Kaj Munks minne.

Av Tore Ørjasæter.

Og Danmark gav til oss si broderhand
so rein og varm og full av gåvor milde
igjenom naudi, som vi kjende saman.
Det slokna ned alt det som fyrr oss skilde.
No møtest vi i fred og frende-gaman
som andar gjenom våre frie land
og blømer ut i trufast broderlynde.
Velsigna vere deg, du blide strand
som dæmer mot oss med ditt mjuke ynde.

Men harde stormen herja ogso deg,
slo ned på dine nære låge kyster
midt under gufsen ifrå varulv-gapet.
Då møtte vi vår bror, vår blide syster,
vår beste ven vi fann
i myrke uversnatti. Fridomstapet
vi bar til saman mot den store morgon
då fridomsdagen rann.

Vi røynde den same lagnad
på kvar vår sereigne gjerd,
og vann ogso same siger
med åndsens sverd.

Du sa det so riddarleg raust
at norsk kraft nørde den danske striden.
No gjev du oss att denne kraft i kveld
igjenom din skald, med sin skapareld
som tender frodige friske bilæte:

**Dagbladet** *alltid foran*

dansk ånd udøydeleg lyser igjenom
striden som aukar, til siger vunnen.
I stilla du ol på di ubrotne
kraft or kjeldor i undergrunnen.

Du vog på din kloke og seige styrke
attum din danske smil.
Du levde deg gjenom det lidingsmyrke
midt millom tru og tvil.

Ei vakande uro — det vakna ei røyst
som skar gjenom angestfulle stilla
til angesten var forløyst.
Ein heros, ein riddar av frie ordet.
Ein skald,
som sette dei vakande krefter på sporet
til strid imot trældom og vald.

No ter han oss gjenom sin diktarspegel
Danmark som vakna og tok sin strid,
og gjorde seg fri. — —
— — — Hans siste ord. — Og han sette sitt segel
med martyrdauden på denne pakt,
at retten uendeleg høgt over uretten
sigrar og står ved makt.

Han fekk denne kraft då han kjende
folkefridomen stod på spel.
Han lyfte sitt våpen: Skal varulven
drepa ned Danmarks sjel?

Då steig han fram ope og ytst på skansen
han fall på sitt frie ord.
Men *lever* no fyrst i offerglansen,
ei eldstytte over nord.

Den fårlege skald, vart no fyrst fårleg.
Det ord som han sådde fekk unders makt.
No står han der uppreist, ung og usårleg,
eit åndsteikn, ei evig vakt
um fridomsviljen i norden.

— — — — Velkomen til denne møtestund
med dansk *ånd!* — Den unge diktar-heros
Kaj Munk har ordet på norsk grunn!

E F F E K T I V

D. D. T. *Veggdyrpulver*

Vi kan nå med dette preparat utrydde
*Møll, kakelakker, maur, midd og veggedyr*

Opplysninger i telefon 14 004 — 12 321

OSLO VEGGEDYRKONTROLL

ROSENKRANTZGT. 7 IV



*Kaj Munk's heim. — Vedersø Prestegaard.*

**Fru Lie Laahnes**

SYAKADEMI

Akersgt. 8, 3. etg.



Her fer De alt De treng av matvarar
Godt og billeg.

*Leidulv Lothe*

Nils Juels gt. 70

*Kom innom eller ring 44729*



Ordet. 1933.

*Kjøp ei god bok i*

NYNORSK BOKHANDEL L/L

ST. OLAVS PLASS 3

*Pusteøvelser for friske og syke. (Åndenød og Asthma)*

Stamming og andre talefeil helbredes.
Anbefalt av leger.
Diplom 1936 fra Statens institutt for talelidene. Kjøbenhavn.

ASBJØRG DAHL ELVESTRAND

Telefon 45 696 Frognerveien 15



*Kaj Munk i Familiekrinsen.*

Centrum Bokbinderi

Blåkorsgården, Storgaten 38 — Telefon 16 603

*Alt bokbinderarbeide utføres*

Spesialavdeling for album, fotomapper, skrivemapper o. lign.

*Kjøp bøkene hos*

SELLEVOLD

*i Grensen.*



*I grunnbrotet.* 1939.

MØBLER — TAPETER — STOFFER

Stortingsgaten 10.

MAISON MAGNIFIQUE

# Kaj Munk.

Med Kaj Munk miste Danmark sin største dramatiske diktar på dette hundreåret. Sine fyrste skodespel skreiv han alt som student i København, mellom dei «En Idealist», som det lykkast han å få opp i Københkongelige Theater i 1928. Framsyninga fekk hard medfart av kritikken, men mange var klåre over at den unge debutanten hadde meir enn vanleg å fara med. I skildringa av hardstyraren, Herodes, synte han påverknad frå Shakespeare og Hebbel, men han hadde si eiga meining om skapnaden, som peika fram mot den diktatortypen som skulle bli så lagnadstung for verda ein halv mannsalder seinare. I «Cant» og «Sigeren» varierte han same typen etter tid og tilhøve. Han såg med tvisynt auga på både Henrik VIII og Mussolini. Han var djupt gripen av den viljesterke og gåverike mannen som kom på kant med morallovene og rava i villa. Ein møter òg same synet med ymse skiftingar i «I Brændingen», der det gjeld den religiøse antagonisten Georg Brandes, og i Sigbrit og Christian II i «Dyveke». På andre sida teikna han i Grundtvigskapnaden den verkelege idealisten, som òg kan vera hard og omsynslaus på sin måte. — Det religiøse problemet stelte han fram i sterk dramatisk spaning i «Ordet», der han til slutt let underet skje for open scene. Det kan gjerast mange logiske innkast mot denne oppstoda, men alle må vedgå at det er noko med det dristigaste som er gjort i nordisk dramatisk dikting.

Kaj Munk var ikkje berre diktar. Han var òg stridsmann, og han låg jamt ute i hardt ver. Han vart difor ikkje berre elska. Med sin typisk nordiske sans for humor og ironi vart han ofte mistydd, ikkje minst av sine embetsbrør. Politisk var han i tida kring «Sigeren» rekna for å halle til diktatorstyret. Men då han såg kvar dette bar av, snudde han kvass front mot det, og etter invasjonen kan ein seia han våga alt mot valdsstyret. I «Niels Ebbesen», som var skrivi under krigen og spreidd illegalt, har Munk gjevi eit meir opi sjølvportrett enn i noko anna av sine diktverk. Og samstundes har han gjevi oss eit bilete av dansk lynde og livsvilje som eig få sidestykke. Niels Ebbesen er ein snill og tolsam mann, som lengst mogeleg vonar det beste. Men då det går opp for han at motstandaren er bønlaus og trakkar ned lov og rettferd for å auke veldet sitt, reiser han seg brått og blir ein farleg mann.

Det var just det Kaj Munk vart for okkupasjonsmakta, og denne visste då ingen annan utveg enn å myrde han. Men åndsmakt som strir for rettferd kan ikkje drepast. Kaj Munk vart eit blodvitne som var med i fyrste lina og sette stål i folket sitt. Og difor står namnet hans i dag som ei lysande stjerne over mørkret. I diktverka hans lyser ho framleies, og viser veg for komande ætter.

*O. D.*



*Kaj Munk:*

# NIELS EBBESEN

Skodespel i 5 akter.

Musikken komponert til stykket av *Herman D. Koppel.*

På norsk ved *Halldis Moren Vesaas.*

Sett i scene av *Knut Hergel.*

Koreografi: *Gerd Kjølaas.*

Dekorasjonane av *Arne Walentin.*

Orkesteret ved kapellmeister *A. K. Nielsen.*

Personane:

Niels Ebbesen .......................... *Johan Norlund*
Gertrud, kona hans ...................... *Ragnhild Hald*
Ruth, dotter deira ...................... *Eva Strøm*
Ebbe, son .............................. — — — — —
Ei lita syster .......................... — — — — —
Ove Haase, bror til fru Gertrud ............ *Øyvind Øyen*
Niels Bugge ............................ *Asbjørn Toms Larsen*
Far Lorentz ............................ *Lars Tvinde*
Greiv Gerhard av Holstein ................ *Alf Sommer*
Wittinghofen, holsteinsk adelsmann ......... *Helge Essmar*
Truls, ein gamal bonde .................. *Nils Hald*
General von Døbelin ..................... *Kåre Wicklund*
Bispen ................................ *Vilhelm Lund*
Hustenar hos greiv Gerhard ............... *Jan Pande-Rolfsen*
Ei gamal kone .......................... *Henny Skjønberg*
Ein bodberar ........................... *Paal Skjønberg*

Dansande gjenter og gutar: Liv Brodtkorb, Marit Frogner, Edith Hansen, Fernanda Smith, Torgeir Brandvold, Hans Kjølaas, Jan Pande-Rolfsen, Gisle Straume.

Offiserar, soldatar, munkar og tenestfolk.
Hendinga går for seg i Jylland i 1340.
10 minutt opphald etter 2. og 3. akt.

B·MERKEL a/s

DET GAMLE GODE GROVBRØDET ER I HANDELEN IGJEN



*Sigeren*. Urpremiere 1936.

GUMMIFOTTØY

såles og repareres uten anvisning. Sykkeldekk repareres, nu mens vi venter på råstoff, men vi håper snart å kunne tilfredssille Deres behov i Gummikonfeksjon.

*Norsk Gummivarefabrikk A.s*

*Brogata 1 · Telefon 14415*

NOREGS BOKLAG
Bokhandel — Papirhandel

Tilskrift til så lenge
Kristian 4des gate 4 — Telefon 31 374

NATIONEN
Landmandspostens Dagutgave

*Et hovedorgan for den norske bondestand*

**P. Hellerud**

Jacob Aalsgate 14, Oslo
Telefon 44 030

**Allslags byggjearbeid**

TELF. 15 229 *G. Pettersens Eftf.* TELF. 15 229

Dronningensgt. 27, — Stortorvets basar

*GRØNNSAKER — POTETER — BÆR*

1. kl. poteter til vinterforsyning leveres Oslo og Aker.

*En gros — En detalj*



## Mosjon — Plastikk

Effektivt slankekursus. Formiddagsparti tirsdag — fredag. Ettermiddagsparti mandag — torsdag.
*Massasjekurer.*

*Kirsten Moy,* Salon «Louis». Telf. 25183 (12—16).




*Kjærleik.* 1940.


**N. W. DAMM & SØN**
ØVRE SLOTTSGT. 6 — OSLO

BOKHANDEL
ANTIKVARIAT

Tlf. 10147

*Vi skaffer bøkene, nye eller brukte.*

SPØR OSS FØRST

ALT I BØKER OG SPILL



*Herman D. Koppel*

# Herman D. Koppel

som har komponert musikken til «Niels Ebbesen» er fødd i Danmark i 1908. Han er ein kjend pianist som vi har hatt høve til å høyre her heime, då han var med på den skandinaviske musikkfesten i Oslo i 1934.

Som komponist har han og eit kjent namn, og det er allsiduge og rike musikkverk han har skapt frå symfoniar, pianokonsertar, kammermusikk til film- og teatermusikk av ymse slag.

# Neste premiere

på Det Norske Teatret blir 20. november med Gerd Kjølaas' dansespel «Mot Ballade» etter novella med same namn av Hans E. Kinck. Dansespelet blir framført 10 kveldar saman med einaktaren «Før Cannae» av Kaj Munk.

Musikken til «Mot Ballade» som er komponert av Tore Sinding, blir spela av eit orkester på 35 mann med Amund Raknerud som dirigent.

Det er med 21 dansarar. Dessutan er det med eit kor av songarar. Scenebileta skal Arne Walentin laga.



*Gerd Kjølaas*

**Smart Kjolesalong**

Telefon 24767

Innehaver: *Sara-Marie Steen*

Vi kan snart skaffe Dem alt i

**Fór & Sysaker**

Spesialforretning

Kongensgate 20 Telefon 22 550

*Knutinge Kaas*

*Dameskredderi*

*Torstedhjørnet.* Telefon 12396

*Veggedyr* — *Pulvermetoden*

Kontroll — Attester — Autorisert

Innen- og utenbys. Telf. 81 495

*Richard Larsen* *Desinfeksjon*

*Bader Johansen*

Danseinstitutt

Lokale: Handelsbygningen

Nye kurser begynner i november.

Telefon 51 568

*Den merkantile språkskole*

Kontor: Arbinsgate 1. Telefon 50655.

Spesialkurser i engelsk, fransk, tysk, spansk, italiensk, russisk.

Handelskorrespondanse. Litteraturlesning og konversasjon.

Kurser i realskolens og gymnasiets hovedfag, også i matematikk og fysikk.

Be om plan. Veiledning gratis.

**Auksjoner av enhver art.**

Møbler — Kunst

Antikviteter

*Avlegg oss et besøk ved kjøp og salg. Takster besørges.*

**LIE'S Auksjonsforretning A/S**

Pløensgate 4II. Telefoner 14216, 14253

*Massør.*

De kan unngå å bli skallet.

Spesialist *Brickman-Wiig*, lægeanbefalt.

Universitetsgt. 2. Tlf. 10961.

Time avtales 9—20.

Tegn Deres livsforsikring i

**GLITNE**

*det er god livskunst.*



*Han sit ved smeltedigelen. 1938.*

*Nikolai Olsens Boktrykkeri*

*Møllergaten 17, Oslo — Telefon 31 567 31 759*



*Ragnhild Hald*



*Johan Norlund*



*Eva Strøm*



*Øyvind Øyen*


## *Oslo Pelsberederi*

Inneh. Ruud og Jønholdt

*Allslags pelsskinn mottas til beredning og fargning.*

Kun en gross

Agnes Mørk

Syatelier

Langes gate 4, Oslo. Telefon 11 501




Lars Tvinde



Alf Sommer


Avskrivning, mangf.gjøring, forfatn. av sanger, taler. Bokføring revisjon og annet kontorarbeid.

Asbjørn Høvik & Co

Dronningensgt. 23, v. 304. Telf. 13 289

A/S RITA

**Korsettsalong**

Folketeatret - Storgt. 23

Oslo

Korsetter

Strømper

Undertøi

Fornuftig vedlikehald er lønsamt og gjer
heim og arbeidstad uneleg og fager.

A. Dolve MALERFORRETNING

OSLO-AKER · Telefoner 71115 — 75255.

*Bygnings- skilt- og dekorasjonsmåling.*



Arne Walentin



A. K. Nielsen

Merket for kvalitet:

Oslo Metallvare Fabrikk

Presanger

Innlever Deres gamle tinngjenstander til Deres gullsmed el.a. spesialforretning. Vi omarbeider tinngjenstandene.

# *Minneframsyning*

torsdag den 18. oktober 1945

---

1. Fr. Kühlau:

   *Ouverture til «Elverhøi»*

2. Tore Ørjasæter:

   *Helsingsprolog til Danmark*
   *og Kaj Munks minne*
   Lese av Harald Heide Steen

3. Kaj Munk:

   *«Niels Ebbesen»*

ROTOR

VERKSTED FOR ELEKTROTEKNIKK
TORDENSKJOLDS PLASS 3, OSLO
TELEFON 24 382

Forretningsfolk

og andre som vil ha prentesakene
sine på norsk, vender seg til:

JOHANSEN & NIELSENS BOKTRYKKERI
Pilestredet 45 b · Telefonar 61 493, 62 692 og 67 542

SPORTSUTSTYR

kjøpar De best
og billegast hjå

BJØRNDALENS SPORTSFORRETNING
MARKVEIEN 58 OSLO TELEFON 70069

Alle artikler for kunstmalere.

Porselænsmaling og Rosemaling.

CHRIST. ENGEBRETSEN & SØN
Pilestredet 27 — Oslo.




# Bladet for alle gutar

Spanande fortellingar
Lærerike artiklar

Abonnement kr. 10.00 for året, kr. 5.00
for halvåret kan tingast på postkontora
eller direkte

## NORSKE GUTTERS FORLAG

BOKS 557 · OSLO · FRED OLSENS GT. 5 · TELEFON 13474

Johansen & Nielsen, Oslo